

PRAKSISKONTRAKT

Barnehagens forutsetningar

Praksislærers forventning til studenten

Eige ark

Studentens forutsetninger (faglige, personlige, praktiske)

Eg har ikkje noko erfaring med barnehage før eg starta på studiet, men har brukt mykje tid på å passe småsøsken, naboungar og syskenbarn. Frå eg var liten jente har eg vore aktivt med på garden heime, og brukte mykje tid ute med far. Interessen for dyr har eg framleis. På vidaregåande gjekk eg på naturbruk, her var det praktisk undervisning to dagar i veka. Ein slik undervisningsform var for meg veldig lærerik, ein fekk vera ute og bevega seg og ein fekk prøvd ut ting i praksis. I undervisninga lærte me mykje om naturen, korleis ein skal ta vare på den, forvalte den, bruke den og triks og utstyr for å ferdast ute i naturen. Desse lærdommane vil eg ta me meg vidare og bruke i arbeidet som førskulelærer.. Eg trives godt både ute og inne. Inne synes eg det er kjekt å lesa for barna, og vera med dei på kreative ting som perling, teikning og formingsaktivitetar.

Fyrste året var eg 8 veker i praksis på 0-2 år, der i hovudsak var med toåringane. Dette var ein basebarnehage. Andre året i studiet var eg 5 veker på ein avdeling med barn fra 2-5 år.

Eg har også jobba eit halvt år som nattevakt og halvannan år på dagtid på avlastningsbolig for barn med ulike behov.

Det har vore ein stor læringsprosess for min del, som har forandra mitt syn på barn. I starten vart eg veldig stressa, det var mykje å huske på, og mange nye ord og personar som skulle lærast. Etterkvart har eg funne meir ut av det. Ting overlappar kvarandre, og eg brukar ikkje like lang tid på å fokusere på å huske navn på teoretikarar. Eg har tatt vare på alle bøkene frå studiet, slik at eg kan bruke dei til å lese meg opp igjen når eg følar at eg treng det. Både i studiet og ute i jobb.

Studentens forventningar

Dei to fyrste åra på studiet tok eg i Stavanger. Der var det andre krav til praksis og praksisrapport. Eg følar meg ikkje klar til å kunne gå ut i jobb med den praksisen i bakhånd. Difor håpar eg, at denne praksisperioden vil hjelpe meg til å føle meg trygg i jobben.

Forventningane mine til øvingslæraren er at den er som ei støtte for meg, som eg følar at eg kan stille spørsmål til utan at eg skal vera redd for å føle meg dum. Det er viktig at øvingslærer gir kommentarar tilbake på arbeidet mitt, både kritiske og positive. På den måten kan eg utvikle min rolle som førskulelærer.

I andre praksisrunder har det vore vanskeleg å få kontakt med foreldre. Erfarningar eg har gjort tidligare i praksis er at foreldre går rett forbi, og ikkje «stoler» på meg som student. Det gjer at det er vanskeleg for meg å komme i kontakt med foreldrene, noko som jo er ein viktig del av jobben. Dette håper eg at eg kan få jobbe med denne gongen.

Dette er den siste praksisperioden min før eg skal ut i jobb, og eg må utnytte den det eg kan.

I tida eg er i praksis skal det utførast oppgåver og skrivast ein rapport som skal leverast inn i slutten av praksis. Desse det jobbast jamnleg med, både i barnehagen og når eg kjem heim. I barnehagen må eg gjera meg naudsynte observasjonar og notater, som eg kan reinskrive og eventuelt knytte til teori når eg kjem heim.

Studentens pedagogiske grunnsyn

For meg er det viktig å sjå på barn som kompetente og å ta barnet på alvor, sjå deira eigenverdi, lytte til kvar barnet har å seie og vera engasjert. Det er viktig å vera anerkjennande ovanfor barnet, og også sjå ting frå deira perspektiv. Å setje seg ned på golvet og vera på barnets nivå ser eg på som betydningsfullt for barnet, då står ein ikkje over det som den store skummle vaksne.

I tillegg til å ha eit godt forhold til barna, må ein skape gode relasjonar til dei andre ansatte også. Gode relasjonar handlar om å kunne kommunisere og samarbeide med kvarandre. Men det er også viktig å oppmuntre kvarandre og bruke humor, ikkje alltid ta seg sjølv

høgtideleg. I eit godt arbeidsmiljø følar ein seg trygg, det er då lettare å dumme seg ut i blant og prøve ut nye ting. Eit slikt miljø gir ein moglegheiten til å utvikle eigen kompetanse og gruppas kompetanse. Dette er viktig for jobben i barnehagen, samfunnet er i stadig endring og barnehagen må følgje med.

Barn må få moglegheiten til å vera med å planlegge og påverka deira kvardag. I barnehageloven § 3 står det: "Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet."

Barna tilbringer store deler av dagen i barnehagen, og har mange rutinar dei skal fylgje. Difor bør dei få lov til å vera med å planlegge dagane i barnehagen. Barnet må få følelsen av å bli høyrte, og å få ytra seg. Det trengjer ikkje alltid vera så store ting, men å få vera med å bestemme kor turen ska gå eller kva frukt dei vil ha, kan vera vel så viktig for barnet som å bestemme ein heil dag. I tillegg til dette må barna få tider på dagen der dei får lov til å bestemme sjølv kva dei vil gjera, både ute og inne. Eit barn uttrykker seg ikkje alltid verbalt, og som vaksen må ein vera observant og også sjå på barns kroppslige uttrykk. Desse uttrykka seier mykje meir enn ord.

Når ein er ute har ofte barna mykje å gjere, og som vaksen kan ein av å til føle seg litt overflødig. Men ein skal vera der som ein støtte og observere barna. Sjølv om barna ikkje trengjer deg heile veien, kan ein ikkje stille seg i ei «vaksengruppe» å snakke i telefonen og snakke om kva ein skal ha til middag. Ein må sjå barna, ikkje stå i ei klynge i si eiga verd.

Leik er veldig viktig for barna og bidrar til allsidig utvikling og gir eit grunnlag for læring på ulike områder. Gjennom leik utviklar barnet språk, motoriske ferdigheter, sosial kompetanse og begreper, og leiken har difor ein stor rolle i barnehagen. Barnet må få utfolde seg, utforske og bruke fantasien, barnet uttrykker seg gjennom leiken. På grunn av at leiken har så stor betydning for barnet må ein la dette vise igjen i barnehagen. Ein må leggje tilrette for at barna har moglegheiten til å leike, både for seg sjølv, saman med andre, i opne og lukka rom. Som vaksne må ein tenkje på korleis ein eventuelt avbrytar leiken. Ein kan forberede ungane på at ein snart skal gjera noko anna, slik får barnet tid til å avslutte leiken og forberede seg til nye ting. Blir ein leik for voldsom kan ein prøve å gå inn i leiken med barna å gjere den rolegare, for å så trekke seg ut igjen.

Mål, innhald og metode

Mål	Innhold	Metode
Få utvidet erfaring med ledelse og veiledning	<p>Lederansvar og veiledning i samhandling med medarbeidere og barnegrupper.</p> <p>a) Gjennomføring av en planlagt veiledningssekvens med en medarbeider</p> <p>b) Lederansvar for minst ett personal-, avdelings- eller foreldremøtene som avholdes i praksisperioden</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Kommunisere godt med medarbeidere. - Forberede seg - Få veiledningsgrunnlag - Observere møter, korleis gangen i dei er.
Få utvidet erfaring med å planlegge, gjennomføre og vurdere et opplegg knyttet til den aktuelle fordypningsenheten/linjeprofilen	To uker lederansvar med vekt på innholdet fra fordypningsenheten/linjeprofilen	<ul style="list-style-type: none"> - Observere barnegruppa i henhold til opplegg - Kommunisere - Prøve ut/ erfare egne metoder - Lage plan for dagen - Bruke tid i forkant til å observere og bli kjent med rutiner - Ta uforberedete utfordringar som måtte komme
Gjøre seg mer kjent med, bruke og vurdere ulike pedagogiske kartleggingsmetoder	Observasjon av barns lek, aktivitet, samspill, språk, motorikk osv., med utgangspunkt i barnehagens metoder, som grunnlag for en rapport om ett enkeltbarn	<ul style="list-style-type: none"> - Gjøre meg kjent med barnehagens metoder - Ta notater gjennom dagen - Reinskrive notater etter jobb - Starte tidlig i praksisen, slik at eg slepp å stresse

Mål	Innhold	Metode
Få utvidet erfaring med samarbeid med barnas foreldre/foresatte	Aktiv deltakelse og lederansvar i møter med foreldre/foresatte. Deltakelse/gjennomføring av en foreldresamtale	- Vera frampå, ikkje vente på andre - Imøtekommande - Vera tilstede i garderoben slik at foreldre har moglegheit til å sjå/snakke med meg.
Utvikle egen yrkesidentitet som førskolelærer	Muntlig og skriftlig refleksjon over egen atferd og handlinger med utgangspunkt i eget grunnsyn.	- Reflektere over dagen - Prøve ut eigne metodar - Gjere meg nye erfaringar - Diskutere med andre i barnehagen eller medstudentar om situasjonar - Ta utfordringar - Gjennomføra opplegg som eg skal lede slik at eg får mer erfaring og trygghet på meg sjølv
Se barnehagen i en større samfunnsmessig sammenheng	Muntlig og skriftlig refleksjon over historiske, kulturelle og politiske fenomenar knyttet til barnehagen som samfunnsinstitusjon	- Lese relevant teori - Reflektere - Diskutere med andre - Sjå på historikken til barnehagen; kva har endra seg dei siste åra?
Utvikle egen yrkesidentitet som førskolelærer	I fellesskap med praksislærer skal studenten utvikle faglige og personlege mål ut fra studentens egne forutsetningar, behov, tidlige erfaringer og praksisvurderingar	- Tenke gjennom kva eg vil jobbe med - Utnytte at eg har ein veileidar som kan veilede meg, å prøve ut ting - Vurdere korleis dagen har gått og kva eg kan jobbe vidare med.
Praksisrapport*	Kort vurdering av heile praksisperioden med vekt på egen læringsprosess	- Jobbe jamnleg kvar dag - Setje meg egne fristar - Vera effektiv - Lese teori - Holde rapporten ryddig og oversiktelig

Mål	Innhold	Metode
Observasjon til Bacheloroppgåva	Observere to-fire 5-åringar i leiken ute, til seinare bruk i intervju.	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med ungane slik at eg gjenkjenner dei ute - Ha med ei lita notatblokk ute - Gjere meg kjent med uteområdet - Finne ut av barnehagehistorien til barnet, slik at resultatet blir mest mogleg relevant - Bilder?

* Som ein avsluttande del av rapporten skal studenten gi ein kort vurdering av heile praksisperioden med vekt på egen læringsprosessen. Vurderingen skal ta utgangspunkt i generelle, faglige og personlige mål. Her kan du gi en vurdering av om du nådde målene. BEGRUNN! Du må vera nyansert og sjølvkritisk på godt og vondt. Du kan vektlegge hovudfokus for praksis 3. Studieår som forutsetter at studenten evner å ha et samfunnsmessig perspektiv på egen yrkesrolle, på dei ulike institusjoner i samfunnet og på deres endringsprosesser. En utvida erfaring med ledelse vektlegges.

Veiledning (tid, sted, mål, avtale om innlevering av skriftlig arbeid)

Veke 2:

- Onsdag kl. 14-15
- Torsdag kl. 14-15

Veke 3:

- Mandag 8-9
- Onsdag 850 -950

Veke 4:

- Mandag - midtveisvurdering 8-9
- Tirsdag - 2-3

Veke 5:

- Mandag 8-9
- Tirsdag 850 - 950

Veke 6:

Mandag 8-9

Torsdag 850 -950

Tidsangivelse for: muntlig midtveisvurdering og skriftlig sluttvurdering

Midtveisvurdering 24/1

**Arbeidsplan: Oversikt over hele perioden, arbeidsoppgaver, møter på
praksisstedet/ DMMH**

	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Veke 2	Møte styrer			0715-14 V: 14-15	9-1530
Veke 3	9-15 V: 8-9 Observasjon til bachelor	9-15 Observasjon til bachelor	10-16 V: 850-950 Observasjon til bachelor	10-16 Observasjon til bachelor	8-14 Observasjon til bachelor
Veke 4	8-14 V: 8-9 Lederveke	8-14 V: 14-15 Lederveke	8-15 Lederveke	9-15 Lederveke	10-16 Lederveke

	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Veke 5	10-16 V: 8-9 Lederveke	10-16 V: 850-950 Lederveke	8-14 Lederveke	8-14 Lederveke	9-15 Lederveke
Veke 6	9-15 V: 8-9	9-15	10-16	10-16 V:850-950	8-14

Dato

Dato

Praksislærers underskrift

Studentens underskrift